

Før ein til går ut kommande helg er 8 av dei 20 deltakarane i Big Brother kome velberga igjennom isolasjonen i eit hus i Stockholm. Det spesielle opphaldet vart innleia i i slutten av august og skal vara i 100 dagar.

Og ein av dei som er att er Joakim Myhre Eik (22) frå Uskedalen som har klart seg svært bra og har sjansen til å vinna ein million i den omdiskuterte TV-serien. Det er det fleire enn den stolte mora Bente Myhre som meiner.

- Klart eg er stolt sjølv om ein kunne ønske han var med i ein annan serie enn Big Brother seier Bente som er omsorgsarbeidar med base i Hagetunet der sonen også arbeider - som pleiemedhjelpar.

- Han spurte vel deg då han fekk sjansen?
- Han er vaksen og tek slike avgjerder sjølv, men han spurte. Eg svara at eg sjølvsgt ikkje ville nekta han og var stolt av han uansett korleis det gjekk. Du er jo uansett lojal og sluttar opp om borna dine.

Då opphaldet i huset starta skreiv deltakarane ei omfattande sjølvmelding. Joakim opplyste mellom anna at han var snill, omsorgsfull, positiv og tålmodig. Det bekrefter mor som mener han har vist at karakteristikkene er sanne. Han har også innfridd ellers, til dømes har han som lova vist eit avslappa forhold til alkohol og ikkje hatt sex i Huset.

- Men også i Huset har ein sett at Joakim blir svært fort betatt, seier mor.

Eit døme på kor omsorgsfull han er peikar ho på: Joakim har ei syster på 3 år som heiter Malene og ho er svært glad i broren og omvendt. Og dei som følger sendingane vil ha sett at han er svært flink til å utøva omsorg når nokon har behov for hjelp og trøyst. Det er tydeleg at også mor og son står svært nær kvarandre. Joakim har mange tatoveringar, men det første han tatoverte som 18-åring var MAMMA.

Ellers er han svært interessert i musikk, er verbal og har skodespelartalent. Men mora fortel at han tek sikte på å bli vernepleiar. Hvis han vinn Big Brotner skal han kjøpa hus og bil.

For eitpar veker sidan var Bente på utsida av Huset og hadde verbal kontakt med sonen. Ho gjorde minst ein like god figur som han no gjer kvar dag.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen